

# Språklege bjørnetenester?



**DAG OG TID** ●

# MINNINGAR FRÅ MÅLSTRIDEN SUMAREN 1990

Torsdag 26. juli 1990 skreiv bladstyraren i *Dag og Tid* ein artikkel om rettskrivinga i nynorsk. Arnhild Skre kalla artikkelen sin ein "provokasjon", og meinte vel med det å provosera fram eit ordskifte om målføringa til dei som skal stri fram nynorsken; målfolket.

Det er lenge sidan målrørsla har ordskiftet om korleis nynorsken skal sjå ut. Målfolk har ikkje berre gode røynsler frå slike ordskifte; etter krigen førde normalordskiftet til at rørsla vendte seg innover der kreftene mest vart nytta til interne ordskifte. At målreisinga - striden for norsk mål tapte på "bokstavstriden" vil få neitta for i dag. Men jamvel om målrørsla før ikkje greidde å skilja millom interne ordskifte og utovervendt arbeid, tyder ikkje det at ordskiftet i seg sjølv lyt føra til ei svevntunge rørsle.

Same kor me snur og vender på det; dei ulike verdiane me legg til grunn for målarbeidet fører allvegen til at me meiner noko om korleis nynorsken skal sjå ut. Det ordskiftet Arnhild Skre sette i gang gjorde det mogleg for alle målfolk å leggja fram sine syn, og samstundes fekk alle høve til å vudera kva dei andre hadde å byda.

Dag og Tid er ei avis, og som alle andre aviser kan ikkje Dag og Tid føra eit slikt ordskifte i alle æva. Det vil ikkje seia at ordskiftet er avslutta - snarare bør ordskiftet halda fram. Me har difor valt å prenta alle innlegga i ordskiftet, òg dei som kom til Dag og Tid etter at ordskiftet var avslutta i avisra.

Me oppmodar alle lagsstyre og lagsmenn til å føra ordskiftet vidare i organisasjonen.  
**LUKKE TIL!**

## INNHALD:

Språklege Bjørnetenester (Arnhild Skre), D&T nr. 30	s. 3
Luftar Arnhild Skre målfordomar? (Jostein Krokvik) D&T nr. 31	s. 4
Kor går nynorsken? (Harald Einmo) D&T nr. 32	s. 4
Arkaisk? (Hans Olav Brendberg) D&T nr. 32	s. 5
Ordtifanget må ikkje fange (Eldar Heide) D&T nr. 33	s. 6
"Vensam helsing" (Oddmund Utskarpen) D&T nr. 33	s. 6
Reformasjon i bjørnetenesteligaen (Holger Lockertsen) D&T nr. 34	s. 7
"Språkkultur" (Nils Bjørge) D&T nr. 36	s. 7
Um Bjørneteneste (Toralv Bergwitz) D&T nr. 36	s. 8
Om språklege bjørnetenester og målfordomar (Marie Tveito) D&T nr. 36	s. 9
"Um tålsemd i tru og meininger" (Trygve Lande) D&T nr. 37	s. 10
Kven eig nynorsken (Gudlaug Horgen) D&T nr. 37	s. 10
Gi dem inn (Kenneth Lauvås) Ikkje prenta	s. 11
Kva er målsak (Toralv Bergwitz) Ikkje prenta	s. 11
Insinuasjonar og arkaismar (Jostein Krokvik) Ikkje prenta	s. 14

# Språklege bjørnetenester

**«Vensam helsing» står det under breva eg får frå Oslo Mållag. Det ordet har eg ikkje sett andre stader. Vensam. Nynorskordboka kan ikkje skilta med eit slikt ord. Heller ikkje Hellevik, eller Gamle-Ivar Aasen for den saks skuld. Eg forstår at skrivaren gjerne vil sleppa å skriva -lig eller -leg, men vi har andre ord som fyller meiningsa, t.d. «beste». Kvifor «vensam»?**

**Og kvifor ikkje? Av same grunn som eg synest det er arrogant når unge nynorskfolk skriv «spursmålet», «studnaden» og «sannkjenna». (Det siste skal vera nynorsk for «innromme»).**

Ingen er så flinke til å hakka på nynorskfolk som nynorskfolket sjølve. Vi nyttar — i beste fall — like mange ord og krefter på den sporten som vi nyttar til å rakka ned på bokmålsveldet. Eg sveittar over ærendet mitt her eg sit, men forarginga pressar på. For nett no meiner eg nynorsken sitt rykte som moderne språkreidsskap står på spel.

Det synest nemleg som ein del yngre menneske innan den radikale delen av målrørsla ikkje kan bli nynorske nok. I dette strevet etter eit mål som glepp og glepp, grep dei fram arkaiske former, og finn dei ingen som er arkaiske nok, lagar dei nye ord over den arkaiske leisten.

At gamle målfolk nyttar arkaiske former, bør ingen forargast over. Tvert om. Hjå dei blir dei gammaldagse orda del av ein heilskap som vi yngre godt kan læra av. Dersom enkelte unge vil nyitta same språket, så dei om

## Provokasjon

det. Men eg ser ingen grunn til at unge folk i flokk skal skapa seg ved å grava fram ord som ikkje har noko rot verken i talemålet deira eller i bakgrunnen elles, ord som nettopp *ikkje* fell inn i språktonen.

## Skrevkringlekøyrar

Kvifor hissa seg slik opp over dette bøljeskvalpet i små deler av målrørsla?

Fordi det skader nynorsken. Alle kjenner vitsen om *skrevkringlekøyra* som rende på ein ringjestaur og bukla heileskåli. Alle har hørt om Sylfest Strutle som elskar deg av *all si blodpumpe*. Vi kan godt le av raljering med nynorsken, der som vi veit at slikt er langt frå sanninga om kva nynorsk er. Når det så blir viktig for somme å skriva «tusund» og liknande, gjør dei desse mytanane. Då er det ikkje moro lenger.

Dersom ein sekstenåring ser og hører at nynorskungdommen faktisk *skriv* «skrivstjori» for sekretær og «punktlegskap» for det å vera presis, er dei arkaiske med på å halda liv i den skrekken som får bokmålsungdom til å bli hysteriske når sidemålsstilen står på tapetet. Som får folk til å tru at vi skriv «konungen skreid til dugurds», når vi skal fortelja at Kong Olav endeleg kunne gå til bords sjølv då han låg på Rikshospitalet nyleg. Dermed held dei oppe biletet av nynorsk som eit språk for spesielt interesserte. Har ikkje dei arkaiske unge nokon ide om at dette er ærendet dei går?

## Fy-fy- strevet

I målrørsla og nærskyldne tiltak, som vi gjerne kallar oss, er vi mange som strevar for å syna at nynorsk kan brukast til å skriva om alt. Petrokjemi, pornografi, krim, teikneseriar, blodskam,

moderne kunst, nye livsstilsyringar, fyll og fanteri. Vi skriv om emne etter emne som var fyfy i norskdomsmiljøet berre for ein generasjon sidan og vi nyttar ord som språkmoralistane ville spytta av. Vi gjer det med glede. Fordi vi når fram til lesarar som trudde nynorsk var vanskelege greier, og som blir overraska når dei oppdagar at dei forstår alt. I neste omgang får vi dei til å skriva på nynorsk i avis, og gjer dei overraska over at vi faktisk ikkje treng retta så mykje dersom dei berre tenkjer etter korleis dei snakka då dei vaks opp på Dokka, i Strandebarm eller på Fannrem. Dei vanlegaste problema kjem dersom dei har kikka for djupt i fornorskingsordlista og ikkje forstått at nynorsk er ein setningsbygnad, ikkje berre eit spørsmål om norsk-norske ord. Slik meiner vi at vi tener nynorsken.

## Fornorskingsboka

Kva er det så som får meg til å spørja om desse unge arkaiske folka er meir opptekne av å vera nynorske enn av å bli forstått? Kva'er det som får meg til å ymta om at dei grep fram «opprit» og «tjaldstjori» mest for sin eigen del, og mindre for nynorsken? For det første har eg freista tyda ein del tekstar frå dei unge arkaiske. Ikke sjeldan støyter eg då på setningar der meiningsa tydeleg har bomma på ordet, eller omvendt. Etter kvart har eg lært meg å slå opp i fornorskingsordlista ved slike høve. Greier eg å gjetta meg tilbake til bokmålsordet eller -uttrykket som var utgangspunkt, finn eg gjerne det norsk-norske uttrykket under og så kan eg finna det ordet som skulle stått i staden blant dei andre alternativa. Vanlege lesarar driv ikkje slik, men vi ordarbeidarar kan synast det er interessant ei tid — før vi går trøytt. Poenget mitt er følgjande: Bokmål er fullt av «sekkepostar». Ein må ha sikker

språkkjensle for å omsetja til den meir presise nynorsken. Sviktar denne språkkjensla stundom hjå dei arkaiske unge, sidan fornorskingsordlista ser ut til å vera i så flittig bruk? Kunne dei med hell samla seg meir om å leggja av seg bokmålsvanane og finpussa den nynorske setningsbygningen og språktonen, enn å grava fram gamle ord frå fornorskingsordlistene eller Indrebøs skrifter eller kvar ein no finn dei alle og putta dei inn i staden for dei mindre «nynorske» orda ein ikkje vil skriva.

## Klosterlatin

Arkaismane er sterke markørar. Ingen tvilar på at det er nynorsk du skriv når dei les «segjer», «two» eller «borgi». Dermed har ein berga det nynorske sjølvbiletet sitt — og gjort nynorsken ei bjørneteneste.

Diverre verkar det som dette med å ikkje ha rot i talemålet er noko av kjernen i det arkaiske strevet. Der Ivar Aasen gjekk rundt til folk og hørde kva dei sa før han sette seg ned og fann ut kva han skulle skriva, går dei arkaiske til bøkene for å finna ut kva dei skal skriva. Og jammen har dei ikkje byrja gå dit for å finna ut kva dei skal seia også. Talemålsnormalisering over gammal leist er det siste nye. Dermed er vi på full fart tilbake til latinen.

Reformasjonen var — i det minste — eit sunt, folkeleg opprør mot at Ordet berre skulle forståast av dei lærde, av den intellektuelle overklassen. Folk ville ha Boka på talemålet. Det vart sett på som ein demokratisk rett å forstå språket øvrige i brukte. Dersom dei arkaiske ikkje passar seg, gjer dei nynorsken sin til ein ny klosterlatin. Vi har alt for mykje klosterlatin i nynorsken som det er. Det er verken nynorsken eller Noreg tente med.

Arnhild Skre

# Luftar Arnhild Skre målfordomar?

For nokre år sidan bad ein tenesemann meg hjelpe til å få ordlaget i *trumål* ut or offentlege skjema. Ordet var uskyneleg og til skade for nynorsken, påstod han. Han visste ikkje at *trumål* er like gamalt i nynorsk som nynorsken, og at det vart inntekne i riksmålsordtilfanget i alle høve fyre 1938 (for dansk «fortrolighet»). Rådbot på van-kunne er som tidlegare einast upplysing.

Dette fall meg inn då eg las det den nye bladstyraren Arnhild Skre skrev i Dag og Tid nr. 30 i «Språklege bjørnetenester», rett nok med undertittel *Provokasjon*. Stykket hev ein gamalkjend dåm. Det minner um alle avis-innsendarane som gjennom ári hev sola seg i eigi kunnapsløyse i den trui at kunnapsløysa var noko stort.

Kvífor den vyrde bladstyraren tykkjer det er *arrogant* å senda henne brev med *vensam* helsing (for venskapleg, venleg), er meg ei uløyseleg gáte. Det hev aldri falle meg inn, endå eg stundom fær slike brev, både frå den eine og den andre. Ordet er ikkje nytt. For om Skre ikkje hev funne ordet *vensam* i nynorskordlistor, so hev eg funne det. Jamvel i upptil fleire ordlistor.

## Ytring

Medrekna i ei Hellevik-ordlista der Arnhild Skre segjer seg å ha leita fåfengt.

Andre ord som Skre tek seg nær av, er m. a. *spursmål, studnad og sannkjenna*. Gamalkjende ord, ser me. *Arkaiske* kallar ho dei, slik skikken hev vore på eit visst hald. Norskord frå fyre 1938 vert kalla arkaiske, medan tradisjonelle bokmålsord som er ein god mun eldre er jamstelte i skulen att. Og Dag og Tid-bladstyraren heiar til dette.

*Sannkjenna* skal vera nynorsk for «innrømme», skriv ho. Og det er rett at ordet kann brukast for t. d. å *vedgå, tilstå*. Men vanlegast vert vel *sannkjenna* bruka for det tyske *erkennen*. Er det ei meir bokstavrett umetting frå tysk Skre saknar?

Eg les tankeføringane til Arnhild Skre med ulyst. Me høyrer både om *ringjestaur, skrevkringlekøyrar* og *blodpumpa*. Ho gløymer visst skrevhjul, men det er vel av vanvare? Truleg er det morosamt for sume å lesa vitsar tillaga av slíke ord som anten er parodisk uppdikta eller er innsette i ein samanheng der dei ikkje høyrer heime. For å gjera det heile litt meir *seriest*: ordet *blodpumpa* vert truleg nytta av annakvart menneske her i landet i visse tilfelle for å få fram ein språkleg servri; men ingen drøymer um at ordet skulle høva til álmenn avløysing for *hjarta*. Kanskje hev Skre rett i at ordet *punktlegskap* ikkje er av ei mest smaklege ordi; men vil ein først laga substantiv av *punktleg*, noko som ikkje trengst, so smakar *punktlegskap* i det minste betre enn «punktlegheit».

Me er på full fart attende til latinen, skriv Skre. Og døme på det er ordformene «segjer», «rvo» og «borgi». Ja, ja. Men skurrar det ikkje litt å tale om «dei arkaiske unge»?

Rett skal vera rett. Skre hev kanskje eit poeng når ho stussar på ordet *skrivestjore*. I brev til Siegwart Petersen 10.3.1959 var Aasen sjølv tvilande til ordformene *bladstjore* og *hardstjore*. Heilt eintydeleg var likevel ikkje dette, for Aasen var meir positiv til samansetjingar med *stjorn* (styre): Ordet *stjore* (styrar) er i vanleg bruk på Island og Færøyane. Um det hev tale-målsgrunnlag i dag, veit eg ikkje, men Aasen var ein klok

og mykje nykter realist. Men um nokon gjerne vil skriva stjore, må det vera fritt fram, utan påhakking. Kva gjennomslagskraft ordet hev, er ein ting, det lyt tidi avgjera, men eg trur ikkje det skadar nynorsken det aller ringaste.

Kvífor skulde det vera mindre målmoralistisk å skriva tilskitta bokmålsblanda nynorsk enn tilskitta norskrøtt nynorsk? Ikke veit eg, men det er likt til at Arnhild Skre meiner det. I motsettad til Skre fattar eg heller ikkje korleis ungdom kann skada det norskrøtte målet med å søkja kunnskap i og um dette skrift-målet nett der slik kunnskap serleg finst - t.d. hjå Indrebø. Skre tykkjест ikkje ha den store sansen for aukande målkunnskap, men at kunnskap i eit mål skulde skada det same målet, måtte vera ein verdssensasjon.

Eg kunde nemna meir, men dette fær halda. Ingen er so flinke til å hakka på nynorskfolk som nynorskfolket sjølv, skriv Arnhild Skre. Det er so sant so sant. I mine augo er Skre ute og hakkar på nynorskfolk som set bokstavane litt onnorleis saman enn ho skriv sjølv.

Jostein Krokvik

# Kor går nynorsken?

Først vil eg takke Arnhild Skre for artikkelen: «Språklege bjørnetenester» i nr. 30 av Dag og Tid. Vi er nok mange som har venta på eit slikt utspel. Eit spørsmål som eg har stilt meg er: Korfor har nynorsken gått så mykje tilbake i etterkrigstida?

I mi heimbygd var det 7 skolekretser då eg sjøl gjekk på skolen, og 4 av dei hadde nynorsk. No er bokmål innført i alle kretseane. Korfor gjekk det slik? Finn ikkje dei nye slektane seg heime i den nynorsken som dei ser og hører i massemedia i dag? Er nynorskbrukarane så bundne av føresegnene at dei ikkje far bruke dei valgfrie formene som er naturleg for dei når dei skal oppitre i NRK?

Alt medan dei mest konservative skal styre utviklinga av språket vårt så blir det jo meir og meir framant for dei unge som no veks opp med Se og Hør og liknande lektyre, sjøl om dei ikkje føler seg heime der heller. Eit skriftspråk som skal vinne folk flest, må jo følgje talemålet, og eit levande talemål tillempar seg jo urviklinga. Og skriftspråket må jo følgje utviklinga om folk skal føle seg heime der, og då kan ein ikkje stift halde på dei gamle arkaiske formene.

Eg må tenkje tilbake på den tida då dei mest konservative stivheldt på namneformen «Norig» på landet vårt. No er det spørsmål om vi ikkje må innsjá

at forma Noreg må vike plassen for forma Norge, som jo må kallast for godt norsk, og som eg hører at dei fleste nynorskfolka nyttar i NRK, medan dei tilsette er forpliktta til å bruka forma Noreg. Det er nok og det ordet som har skapt mest tvil hos dei unge om nynorsken. Men vi har mange andre ord som skurar i øyrene til mange av dei som ellers gjerne hadde villa støtta nynorsken. Eg kan her nemna forma sjølv som utan skade for språkkjendsla kunne byttast ut med sjøl, gjente kunne bli til jente, val til valg, skuld til skyld, og heilag til hellig. Det er jo slik vi nynorskalande uttalar orda til kvardags, og dei er jo kvardagsspråket vårt som er god og levande nynorsk.

Skal vi late dei mest konservative rå grunnen i språkutviklinna vår så gjer dei oss nok ei bjørneteneste som gjer at nynorsken fell ut krets for krets i heile landet.

Når det gjeld statistikken, så må ein kome i hug at under skolemålsavrøystingane så har jo bokmålet vunne oftast med ein knapp margin, så her gir statistikken eit feilaktig utslag.

Det kunne vere artig å sjå om det er andre av Dag og Tid sine lesarar som deler desse tankane som eg her har bore fram.

Harald Einmo

# Arkaisk?

Under vignetten «Provokasjon» i Dag og Tid nr. 30 kjem Arnhild Skre med eit lite utfall mot dei «arkaiske unget» i målrørsla. So veldig provosert vart eg ikkje, men det er likt til at Skre sjølv hev vorte provosert av meg og mine meiningsfrendar, ja ho meiner til og med at ryktet til nynorsken som moderne språkreidskap er truga. Sjølv synest eg det er bra at Arnhild Skre hev gjenge ut i eit ordskifte med argument me kann vurdera. Slike ordskifte treng me, og eg vil byrja med å takka Skre for at ho hev drege ordskiftet ut or dei myrke krokane i målrørsla. Slik gjev ho meg og andre høve til å koma med vårt syn, slik at folk kann vurdera det.

Mange i målrørsla lovprisar mangfaldet i nynorsken. Eg er ikkje av dei, men hev ofte undra meg yver at desse plar tagna når dei fær sjå klassisk nynorsk på trykk. Kann alle få vera ein del av mangfaldet deira?

Arnhild Skre er redd me gjeng ærend for dei bokmålsungdomane som vert hysteriske når sidemåsstilen stend på tapetet. Dei som er byrge yver å ikkje skyna kva «å sannkjenna» tyder, men ikkje for alt i verdi vil vedgå at «å allokera» kann vera vel so vanskeleg — til ein hev lært kva det tyder. Mange i detta landet er byrge av å ikkje skyna gode, norske ord. Er det eit godt argument mot å nyttar desse ordi? Det finst ei utbreidd overtru-

um at det er ein direkte samanheng millom utsjånaden til nynorsken og vyrdnaden for ho-

## Ytring

nom — at nynorsken vil mista fotfeste um klassisk nynorsk vert bruksmål att. Um det verkeleg er slik må me berre undra oss yver at nynorsken rasa ut or skulen dei fyrste 20 ári etter at den «moderne» rettskrivingi frå 1938 vart innført i skulebøkene etter krigen. Eit godt argument for klassisk nynorsk...? Eller — er det kann henda haldningane til norsk mål me må gjera noko med fyrist. Den bøygen kjem me ikkje undan, bokmålsfolket treng ikkje verre «arkaismar» enn vørnad og hovud for å le seg skakke.

Arnhild Skre meiner det er greidt nok at gamle folk nyttar «arkaiske» former, ja segjer til og med at me yngre godt kann læra av deim. Men utviklingi hev gjenge frå dei, difor vert det noko heilt anna når ungdom tek upp same rettskrivingi. Kvifor skal me ha vyrdnad for gamle målfolk som nyttar «arkaiske» ord? Er dei ikkje ándsfriske menneske som er i stand til å fylgja med tidi. Er dei senile? Skre meiner at arkaismane skader nynorsken. Er det ikkje det same um det er gamle eller unge som gjer skadeverket. Trøystar ho seg med at dei gamle kann henda ikkje hev so lenge att å gjera skadeverk?

Eg trur hellre at me kann slå fast at folk, ubunde av alder, kann ha grunnar til å nyttar den rettskrivingi dei gjer. So kann me heller dryfta desse grunna-

ne, i staden for å ringja til folke-reigsteret for å høyra etter fødselsåret til den som skriv. Sjølv meiner eg den «utviklingi» Skre hev sét i vanleg nynorsk er eit resultat av ein statleg samm-norskpolitikk det er mogleg å ha eit tilhøve til, um me so er samde eller usamde i grunnane for honom. Um me gjer «utviklingi» til noko som stend yver eigi vur-deringsevna kann me knapt segja noko til dei EF-venene som meiner utviklingi hev gjenge frå nasjonalstaten. Dei hev rett — i ei tyding av ordet utvik-ling.

Arnhild Skre ser ingen grunn til at unge folk skal grava fram ord som ikkje hev nokor rot i korkje talemålet deira eller bakgrunnen elles. Som ein av dei mange i målungdomen med bokmålsbakgrunn vil eg gjera Skre merksam på kva ord i hen-nar skriftstykke eg då lyt halda meg undan: «Skrivar, skuld, forarginka, nett, hjå, heilskap, nyttia, sanning, somme, biletet, nærskyld, syna, opptekne, sta-den, kjensle, stundom og byrja», for å nemna nokre. At ordtilfanget i mitt og andre målføre ikkje er upåverka av eit massivt bokmålsvelde er knapt noko nyhende. Slik var det også då Ivar Aasen reist rundt og san-ka tilfang. «Det den eine hev gløymt, hev hin gøynt, og soleis skal alting finnast». Verre skulde det ikkje vera i dag.

At me lyt tufta på målføri hev aldri vore stridsemne i målrørs-la. Striden hev til vanleg meldt seg når bokmålet skulde inn i tufti. Når «målførevnenene» skriv tid, men li(d) — om, men

dum — skulle, men kjelde og bølgje, men lykt fylgjer dei regellaus rettskriving frå dansetidi, ikkje skilje i noko norsk målføre. «Håreisande» arkais-mar som fyr (for) og yver (over) er faktisk vidgjengde i målføri — serleg dei umrådi der ein faktisk skriv nynorsk. Men um dei som nyttar nynorsk skulle fylgia målføret sitt i meir enn det som fell saman med bokmål vart dei vel ikkje ende på klagemål um «arkaismar» — som ikkje er meir gamaldagse enn at livs levande menneske nyttar dei dagleg, utan å tenkja yver at dei i fylgje sume stend på eit språk-leg utviklingssteg me hev lagt attum oss. Og kvi skulle dei so bry seg um det? Argumentasjonen er jo like gammal-som mål-reisingi sjølv. Og hev vorte attendevist millom anna i «Minninger fraa målstriden um hausten 1858» av Ivar Aasen. Men mange tankar dukkar upp att i nye klede. Det Morgenbladet skreiv mot nynorsken den gongen dukkar i dag upp att i Dag og Tid — som forsvar for nynorsken mot dei som er ute etter å skada honom. Skal metru Arnhild Skre.

Hans Olav Brendberg

## BOFELLESKAP

Vi er fem stykker som bor sammen i et stort, gammelt hus på Nordstrand. Vi har et rom ledig. Gjerne for student. Pris kr 1500,-.

Ta kontakt med Vigdis på tlf. (02) 74 05 75 i helgen eller tirsdag/onsdag — etter kl. 17.00.

# Ordtifanganget må ikkje fange

I Dag og Tid nr. 30 1990 kritiserer Arnhild Skre dei målungdommene som har som mål å skrive ein nynorsk mest mogleg ulik bokmålet og grev fram ord som «skrivstjori» og «tjaldstjori». Ho meiner dei skader nynorsken ved å stafeste «Sylfest Strutle-mytnane» om kva nynorsk er. Ho har heilt rett i at dei gjer det.

Ein streng purisme kan lett føre til at det blir bokmålet som fortener namnet bokmål. «Heilnorske» avløysarar for vel innarbeidde ord går nesten aldri over i talemålet («heilskap», «kversetjing» o.l.) Ein nynorsk med mange slike ord blir lett lit-

## Ytring

terær og talemålsfjern. Det trur eg ikkje Aasen hadde likt.

Likevel skal ein passe seg så ein ikkje tek feil av å skrive ein forståeleg nynorsk og å la seg kue av «sjøsmålsmobbinga». I føreordet til Norrøn ordbok frå Samlaget står det at orda i ordtydingane «heilst (er henta) frå det felles ordsorrådet for bokmål og nynorsk». Tanken som ligg bak er sjølv sagt god, nemleg å vise bokmålsbrukarane av bo-

ka at nynorsk ikkje er noko slag kaudervelsk. Men er det nokon som har hørt om bokmållskrivarar som freistar unngå «særbokmålske» ord når dei skriv, om bokmållskrivarar som helst hentar orda sine frå «det felles ordsorrådet for bokmål og nynorsk»? Nei, sjølv sagt ikkje. Her i landet er det berre målfolk som kan finne på å arbeide etter slike sjølvoppgjevande retningslinjer - som pålegg seg sjølv å ikkje bruke sine eigne ord. Slik er å la seg kue.

Låtleggjering av «graunorske» ord har altså ikkje berre sorgja for at nynorsken ikkje har slått gjennom soni hovud-

mål i Noreg. Ho har òg fått mange målfolk til å sky alle ord som kan råkast av hetsen. Ein ser stadig vekk målfolk rose «moderne nynorsk utan sjeldne ord».

Men kva slag språk er eigentleg slik nynorsk? Det blir lett som bokmål minus «anbehetsle», altså eit amputert språk, eit språk som manglar ord for viktige omgrep. Så viss ein ikkje vil bruke dei «urnorske» orda, får ein i alle fall bruke bokmålsorda. Men om ein går den vegen heilt til endes, ender ein opp med eit mål fullt av «besiktigelsar» og «anannmelsar». Eit slikt inmål vil i alle fall ikkje ég stri for.

ikkje berre eit bokmål med aendingar.

Poenget mitt er at ein på nynorsk skal bruke dei orda som best uttrykker det ein meiner. Så får ein vera tøff nok til å skrive «graunorske» ord når det høver best, og ein del såkalte «bokmålsord» når det høver best. Men ingen av delane skal vera viktigare enn å få uttrykt det ein meiner. Å skrive god og utiljåla nynorsk blir dermed ein vanskeleg balansegang, og målkjensla må avgjera mykje. Da finst det ingen fasit. På spørsmålet om kva som er godt norsk mål svarer eg eit klart og utvitydig tja.

Eldar Heide

# «Vensam helsing»

Jostein Krokvik fortener takk for at han tek til motmåle mot at Arnhild Skre prøver å fornava gamle bokmålsfordommar til bruk i dagens debatt.

Takikken med å omtala særnorske ord som om dei skulle vera noko som berre raringar har funne på — og påstå at igen andre har teke dei i skriftleg bruk, er gammal som alle haugar.

I den samanhengen kan det vera opplysande å la Skre koma til orde igjen — med eit sitat frå innlegget: «Vensam. Nynorskordboka kan ikkje skilta med eit slikt ord».

Men, det som Nynorskordboka kan skilta med, finn vi der på side 830, spalte II, linene 37—38:

«venn- el. ven/sam al venleg (1) -semf 1 (sjå -semf) det å vere venleg, vensam bli mott med stor v-».

Retningslinene for å ta med målføreord er det gjort greie for i innleiinga: «Denne regelen vart da fastsett for utvalet av slike ord: dei skulle kome med dersom dei i kjeldetilfanget var

## Ytring

registrert i tre fylke».

Theodore Slette har skrive heile sju liner om *vensam/-semf* i si norsk-engelske ordbok (side 1256, spalte II, linene 29—35). Orda skulle derfor heller ikkje valde særleg bry jamvel for lesarar med engelsspråkleg bakgrunn, om nokon var redd for det.

Skre kallar innlegget sitt «Provokasjon». Men jamvel i ein provokasjon må det finnast eit minstemål av vørndad for faktiske opplysnigar. Ordbokpåstandane hennar gjev uttrykk for eit debattetisk lågmål så langt nede at dette kan vi godt unnvera.

Vi må finna ei anna og betre stemnelei for språkleg meiningsbryting. Til det skriv litt om på dei kjende orda frå Frostatingslova, så dei kjem til å lyda: «Med kunnskap og vidsyn skal målet vårt odlast og dyrkast, og ikkje med vankunne og trongsyn øydast og kverkast!» Oddmund Utskarpen

# Reformasjon i Bjørnetenesteligaen?

«Språklege bjørnetenester» er tittelen på ein provokasjon frå Arnhild Skre i Dag og Tid nr. 30 1990. Det står at det er ein provokasjon, og ho vonar vel då å få reaksjonar på han. Her kjem ein.

Eg kjem frå ein stad i Nord-Noreg, med 100 prosent bokmål, og dei nynorske hovudmålet mitt er berre tre år gammalt. I sylinder Arnhild Skre si meinining, er eg av dei arrogante ungdomane, sidan eg freistar nytta nynorske former i staden for den nynorsken eg skreiv i byrjinga, då eg skreiv dialekt nært. No er vel ikkje eg av dei mest «arrogante», i tydinga at eg ikkje skriv i-mål, men eg kjem vel under nemninga sidan eg også ikkje skriv dialekt nært. Eg vil her forsvara dei unge som nytta

## Ytring

i-mål, og dei «mest arkaiske formene».

1. Skre skriv at me unge ikkje burde skrive arkaisk, men at dei gamle *gjerne* kann skriva slik, av di me unge kann læra av den arkaiske nynorsken deira. Kann bladstyraren forkla logikken i at me skulle læra den arkaiske nynorsken å dei gamle, utan å nyttja han?

2. Skre segjer «dei om det» um at *enkelte* unge skriv arkaisk, men vert arg av di unge folk i flokk finn att til dei gamle formene. Det ho er arg for er sjølv sagt at mange i NMU nytta gamle former. Ø nyttia i-mål er ei helt personleg sak, og um Skre fylgjer med, veit ho at so godt

som inkje av tilfanget som går ut frå organisasjonen, er på i-mål.

3. Ho skriv at me skrämer potensielle medlemmer med nynorsk som *enkelte* skriv. Det kjem vel litt an på kva grunnlag me verva medlemene på. Er det spørsmål um å skriva nynorsk av di nynorsken liknar på dialekt til den einskilde, eller av di han er norsk? No er me altså inne på politikken å NMU. Dialektargumentasjonen å Noregs Mållag finn god plass i nasjonalargumentasjonen å NMU, men ikkje andre veggen. Me skriv nynorsk *millom anna* av di han liknar på dialekt, og det er eitt av dei viktigaste argumenta me har når me ordskiftfest med ein ny potensiell medlem. Men, argumentasjonen held ikkje alleine

for ein organisasjon som vender seg å all norsk ungdom, og ser målreisinga i samband med andre viktige spørsmål.

4. Problemet er ikkje at nokre einskildpersonar skriv arkaisk nynorsk. For ein vanleg bokmålsbrukar høyres *all* nynorsk arkaisk ut, samanlikna med bokmål. Um ein ikkje vil skräma potensielle medlemmer, må me få inn *jeg, ikke, Norge og noe* i nynorsken, og helst endra bøygningsmonsteret!

5. Skre tykkjer det som er flott med dialektynorsk som ho nyttar til alt frå pornografi til fyll og fanteri, er at folk skjørnar han, og finn at ein kann skriva just som ein snakka då ein vaks opp på Dokka, i Strandebarm eller på Fannrem. Kva med dei som vaks og veks upp i Bærum,

i Fredrikstad eller i Kristiansand? Får ikkje dei skriva nynorsk då? Skre kann ikkje segja nei til det, vonar eg, men på kva grunnlag skal *dei* skriva nynorsk?

6. Aasen vart nemnt i artikkelen. Skre set opp ein motsetnad millom Aasen som høyrd på folk for han skreiv, og oss unge arkaiske som skriv kva me les i bøker. Zrieg tala... Aasen hadde vel ikkje so mange bøker på nynorsk å slå opp i? — Det vil segja før han skreiv den fyrste...

7. Logikken i at talemålnormering over gammal leist skal leida attende til latin, må eg sannkjenna at eg ikkje helt skjørnar. (Sannkjenna — eg kjenner det er sanning.) Då må ein vel å minstone normera talemålet etter latin, og ikkje nynorsk.

Dessutan er talemålnormering ei heilt personleg sak det og.

8. Reformasjonen som Arnhild Skre nemner i slutten av artikkelen, då det vart sett på som ein demokratisk rett å skjøna språket «ovrigheit» nytt, har vel lite med stoda i dag å gjera? Skjørnar ikkje folk bokmål? Me har vel i røynda eit luksusproblem, med to så like skriftspråk som stridest. Um ein held fram med «folkeleggjeringa» av nynorsken, endar ein til slutt opp i bokmål. Sidan 80 prosent av folket nytta bokmål, er vel bokmål det mest folkeleg? Eller er folket ufolkeleg?

Holger Lockertsen  
Oslo

# «Språkkultur»

For mange år sia var det ein som skreiv ein god del i Dag og Tid. Han kalla seg Frifant. Rette namnet hans minnestr og ikkje, men eg kan hugse han nemnde at rettskrivningsregler — *det* brukte han ikkje. Men han skreiv i allfall godt, og eg trur ikkje han fekk kritikk for skrivemåten sin, som kanskje var nokså radikal.

Arnhild Skre og Jostein Krovik har svært ulikt syn på språket i innlegga sine i nr. 30 og 31 i Dag og Tid. Etter å ha lese både innlegga eit par gonger er eg komme til det at Arnhild Skre sá

## Ytring

avgjort har mest rett i synet sitt på dette.

Eg som er såpass opp i ára kommen skulle vel helst halle til den gammaldagse (arkaiske) skrivemåten, men etter at eg til å byne med — mest for moroskuld — har skrive litt både på bygdamål og nynorsk, har eg visst vorte meir og meir radikal i språkföringa mi.

Da eg i tjugeåra gjekk i folkeskulen var det sjølsagt: soli, joli, gjentor, kvinner, so, two,

um, segja, for ikkje å snakke om no, då, mykje, nokon, som vel ennå er heilt etter ordlista. Men i staden for desse vil eg helst bruke: nå, da, mye noen, som blir meir i samsvar med dialektami.

Eg ville gjerne gå litt lenger, og prøver meg av og til på det også.

Ein gong var eg vågsam nok til å diskutere litt med ein vestlending om kva som var god nynorsk, men sa etterpå at eg hadde kanskje vore litt for radikal. Men eg kunne ha god hug til å skrive t.d. *guter* i staden for *gutar*, sa eg. Men det kan du da gjera, — sa Kirstine Prestmoen Tallerås. *Ho* er lærerinne.

— Men det er ikkje etter ordlista, — sa eg. — Ja, men du skriv da hossen du vil, du. Du er

da itte lærer, — svara ho.

Eg lyt tilstå at eg av og til er så radikal at eg skriv slik, men i bestemt form: *gutane*, for da blir det i samsvar med dialektami: *guter* — *gutan*. I ord som: tidlegare prøver eg meg fram med tidlegare, men mange synes vel at slikt er «uhørt»?

Eg meiner at også vi eldre bør følge med og ikkje henge oss fast i gammaldagse former når vi skriv. Annleis kaa det kanskje vera i talemålet og med skjønnlitteratur. I lyrikk kan det vera verdifullt å ta inn meir eller mindre ukjende dialekt-ord, (Aukrust), men å lage ord for å få det til å lyde særnorsk er noe anna.

Nils Bjørge,  
Østre Gausdal

# Um bjørneteneste

Det hev komi mange svar på provokasjonen frå Arnhild Skre i nr. 30. Det var visseleg au meiningi. Og eg er av dei som ser positivt på ein sovoren provokasjon. Eg meiner soleis det same som det Hans Olav Bredberg seger — at ho på det viset dreg ordskiftet ut or dei myrkje kokane i målrørsla. Det å lyfte ei sak ut til ei opi dryfting det hev jamvel dei mest stokk konservative regimi i Aust-Europa funne ut er av det gode. Etter at Skardflokken fekk styring i NM hev det vore næraast tabu å både nemne og å skrive klassisk nynorsk — eller det som frå då av fekk nemingen «Arkaisk nynorsk». Det var jamvel — forsume — som å veive med ein raud klut framfor ein ukse — når du ordla deg med ei rettskriving som var gjeldande i skulen til 1938. Eg fekk jamvel skuldingi på meg at eg *braut norsk lov* ved nytte denne rettskrivingi. Skuldingi vart sett fram i Dag og Tid av ein av dei fremste talsmenn for målblendarflokken, og som sjølv tala det mest «arkaiske» målføret som finst her i landet. Mannen heitte Tarald Nomeland og var frå Valle i Setesdal. Skulde eg freiste gjeva ei tyding av ordet «paradoks», so trur eg det er vandskeleg å finna eit meir klärgjeraende dème.

Ja, det må tvillaust kunne segjast at det er eit stort para-doks at det er nett i málrørsala me finn døme på at motstanden og aggressjonen mot *det norske* i målet er størst. Eit anna para-doks er at dei fleste som rasan mot — eller let seg provosere av — sernorske ord og ordleggigar — dei vil liksom ikkje ved-kjenne at det er det *norske* dei vil til livs. Ikkje som med Arnhild Skre. Ho gjeng op i ut og seger at ho vert provosera av å siå ser-

## Ytring

norske ord og segjemåtar i brev  
— og anna(?)

Ingen bør vera i tvil um at det er væl meint — anten det kjem frå Arnhild Skre eller andre når dei anten *let* seg provosere, eller dei som provoserar sjølve.

Ein kann undrast kvi det verkeleg er slik som Arnhild Skre sjølv segjer — at ingen er so flinke til å hakke på nynorskfolk som nynorskfolk sjølv. Det er truleg ikkje langt frå sanningi — endå um me som inderleg vær kjenner hetsen frå «riksmåls-hald» mot alt som smakar norsk i telefonkatalogen eller i dagspressa, på frimerke eller på pengesetlar. Ein er mest frista til å segja som det tidd vert sagt. Det er typisk *norsk* å gjera slikt.

Um det er typisk norsk å fara fram på det viset mot sine nærraste ándsfrendar kann vera forvitnelegt å granske i, men det kann vel hende at det i alle høve er noko i ordtaker: Frende er frende verst. Det er vel so at den er ingen me kann argast so av som våre næraryste — anten det er i ætti eller i ein samskipnad. Den heng truleg saman med at me hev ein tendens til å sjå på avvikande meininger som eit svik mot det me ser som formålet med det me hev sett oss fyre. Og når det er so at til dømes riks- målsfolket rasar mot det norske i målet, so er det visseleg ikkje *det norske* dei i røyndi. rasar imot — for *det norske* er gjævt må vita, men det er truleg mein det *vonde samvitet* som gjev seg til kjenne på dette viset. Det må ikkje koma fram at det slett ikke je er norsk det målet som de sjølve er upplærde i — og som dei hev i heimanfylje. Det er rett og slett fornedorande — tykkjet

dei — å ikkje vera berar at den norske kulturen. «Me er like mykje norske — me — som ny-norskbrukarane!» ville dei ha sagt. Men inst inne so veit dei at det er noko som ikkje harmonerer heilt for dei. Det er — og må vera — ei kjensle av fornedring som driv dei til aggressjon.

Når me ser attende på ordskiftet um *namnet* på skriftmålet — frå 1814 og ári frametter — so finn me argument som at «me nordmenn hev like stor rett til å kalle målet for norsk som danskane hev til å kalle det dansk». Som me ser var patriotismen — det å vera *norsk* — eit tungivegande motiv — jamvel um ein tala — og skreiv — ei rein dansk mål. Det var nok før desse patriotiske stridsmenn å få *nemningen Norsk* på det skriftmålet som vart nytta i Noreg — enda um det var nøyaktig det same målet som det dei nytta i Danmark der det heitte *Dansk*. Kravet var ikkje stort for å tilfredsstille den patriotiske kjensla av å vera nasjonal. *Namne* var nok.

Korleis er det i dag? Er me komme til sannings vedkjennin? Nei! Sterkare enn nokon gong er både trui (?) og påstandet um at bokmålet er *norsk*. Det er vel — som propaganda ministeren åt Hitler sa: Segjer du ei lygn mange nok gongjer so trur folk at ho er sann. Argumenti er ikkje dei same i dag, men påstandet er like sterkt, um ikkje sterkare. Me hev soleis tvørt norske skriftmål. Bære nokon «vølte» på, rett nok, men det er ingen tvil — bære er *norske*. Dette er det jamvel gjort ársmøtevedtak på i NM, so um det skulde ha vori tvil um det fyrr so er det i alle høve no rydda unna dei seinaste restar av tvil um den sak. Og um eg ikkje hev misstydde

vedtaket i NM, so skal laget vise  
vyrdnad for b  e dei norske m  l  
v  re.

Det var det eine. Det andre er at laget skal arbeida for å fremja *nynorsken* på alle umkverve i samfunnslivet. Dette skal gjerast på same tid som å vise like stor (?) vyrdnad for bære måli. Og det skal gjerast samstundes med at me skal arbeida for å «smelta» dei two måli saman til eitt mål! Er ikkje dette au litt av eit paradoks? Vise vyrdnad for bære måli og likevel gjera dei bære um til eitt?

Det siste er det ei handfull «arkaistar» set kjeppar i hjul før å hindre. Det er knusande har-meleg at me enno — etter femti år med målblendings-«utvikling» skal hava slike sinker i våre rekker — som ikkje skynar at den einaste vegen å vinne fram på — dater å gjera nynorsken so lik bokmålet at folk ikkje ser skilnad på dei two norske måli våre lenger. Og då er spursmålet um me ikkje til slutt skal vinne *namnespursmålet* når dei er heilt like!

Fyr og sluttar av denne provokasjonen (?) so hev eg hug til å draga fram noko som vart sagt i Aftenposten nyleg — av Tone Ringen: «En av våre skarpeste kåsører sa en gang at om en franskmann støter på et ord han ikke kan, slår han opp i en ordbok og lærer det: En nordmann forlanger at ordet skal strykes fra ordbøkene.»

Eg tykkjer at du Arnhild Skre gjeng endå lenger enn «den typiske nordmannen». Du er ikkje nøgd med at ordi er strøkne or ordlistune. Du argast i alle høve av at det finst unge folk i dette land som finn på å skriye slike ord som «spursmål», «studnad», «sannkjenna», «tusund» og «segja».

Visseleg hev du rett i at dei eldhuga unge «arkaistane», «puristane», eller kva du no vil kalla dei, ikkje er fullkomne i sitt nyververa skriftmål — like lite som eg og du kann rekne oss for fullgode málmeistrar. Men kven som gjerer norsk málreising ein *bjørneteneste* — den som freistar finne fram til reine norske ord og ordlag, eller dei som heller vil fremje bruk av

danskyske ord og vendingar for nordmenn — til dømes velje danskyske ord som «innrøimme» for «sannkjenne» — det kjem visseleg ettertid til å døme um. Men enno finst det folk i dette landet som ser målsaki som noko meir — og mykje meir verdfullt — enn berre eit *namnespursmål*, og det må eg vedkjenne at eg er glad for.

TORALV BERGWITZ

# Om språklege bjørnetenester og målfordomar

«Eg sveittar over ærendet mitt her eg sit», skriv red. Arnhild Skree (A. S.) i Dag og Tid nr. 30, og startar artikkelen sin om aktuell språkpolitikk med å ortsaka seg. For ein som ikkje har fylgt ned i denne språkdebatten eller kjenner miljøet innanfrå, verka dette nesten litt underleg. Det gjer det ikkje no lenger. Vi «utansforståande» er vortne litt klokare. Å provosera målfolket skal ein ikkje ha gjort ustraffa. Det er tydelegvis som å pirka i det før kjende vepsebolet.

## Om å pynta seg med fjør

Vi har dessutan fått vita at det no er ein trend også blant unge at skriftspråket skal vera «fornvitneleg». For å gje målet den rette dåmen går dei til ordbøkene og hentar fram ord og uttrykk som dei ikkje kjenner nyansane i. Resultatet vert — i beste fall — ein haltande språktone. I verste fall kan meininga bli misvisande.

Dette fenomenet må det vera lov å ha meiningar om, og for A. S. er det noko så viktig som nynorsken sitt rykte som moderne språkreiskap som står på spel. Og legg merke til dette: Det er i hovudsak den nye trenden,

## Ytring

og ikkje skrivemåten til gamle målfolk A. S. rettar kritikken mot!

Dei unge som no samlar seg fram i den «norskrotte» nynorsken, må vita at dei dermed gjer nynorsken til noko sært. Kven skriv dei så for? Har dei ein bodskap, eit bevisst mål bak stilvalget? Eller er den arkaiske stilten vorten ei slags tevling i det å vera mest mogleg nynorsk?

## Nynorsk for kven?

Vi må ikkje gløyma at nynorsk er hovudmålet for eit mindretal. Som sidemål er det sjeldan populært. Det er vanskeleg å få til ei positiv innstilling hjå elevane — men det er mogeleg. Det burde såleis ikkje vera tvil om kva linje som tener nynorsken best. Å uttrykkja otte for at unaturlege arkaismar gjer nynorsken ein bjørneteneste er derfor ikkje å lufta fordomar, slik Jostein Krokvik (J. K.) kallar det i Dag og Tid nr. 31. Det er å peika på kva som kan øydeleggja den posisjonen nynorsk trass alt har i dag. Det er å ynskja snu ei utvikling. Det er å stå for ein språk-

politikk som freistar gjera også nynorsk til eit naturleg kommunikasjonsmiddel for stadig fleire nordmenn.

Ynskjer vi dette, gjeld det å visa at nynorsk er eit lettfatteleg og muntleg språk som kan brukast til å skriva om alt, slik A. S. uttrykkjer det. Dette krev omtanke og disiplin. Det krev kan hende til og med at ein må gjera visse tillempingar i sin egen barneskulenynorsk i nynorsken si teneste. Men det det er å skriva bokmålsblanda nynorsk, meiner Jostein Krokvik, og insinuerer med det at redaktøren i Dag og Tid brukar ord som ikkje er godkjende nynorskord. Og dette er ikkje den einaste insinuasjonen i ytringa. Det gjennomgåande i innleget er at han freistar sverta A. S. og hennar likesinna. Teksten lyser av forakt for motparten — og det er i første rekke dette som har fått meg til å gripa til pennen.

## Når «far» tek oss i skule

Den tonen Josten Krokvik tillet seg overfor den nye redaktøren i Dag og Tid er ikkje berre arrogант, men grovt krenkjande. Arnhild Skree får passet sitt på-

skrive fordi ho har oversett eit ord i ei ordbok. Foraktfullt skriv J. K. at då han las artikkelen til A. S. minte den han «um alle avisinnsendarar som gjennom ári hev sola seg i eigi kunnakslopseyse i den trui at kunnakslopseyse var noko stort». (Mi uthaving.) Påstanden er altså at redaktøren i Dag og Tid er kunnakslaus og skryter av det. (Kor mange kan vi vera som høyrer til ei så marginal gruppe?)

Men til tross for at J. K. nedlet seg til å ha med ein vankunngående gjera, har han råd til å vera overbærande. Det fall han nemleg inn då han las artikkelen at «rådbot på vankunne er som tidlegare eianst upplysing». Og sidan J. K. sit inne med den rette visdomen, treng han ikkje driva «påhakkings», slik han meiner A. S. gjer det. Det greier seg med å opplysa oss vankunne. Og her glepp det. Det første dømet han brukar, avslører kor hjelpelaust ubrukelege ord kan vera sjølv om ein lærer tydinga, og sjølv om dei er aldri så norske.

## «I trumål»

Sjølv har eg vakse opp i kjerneområdet for nynorsk og såleis

## Språkpolitikk i praksis

Sjølv sagt må ein ha lov til å skriva som ein vil, velja deiorda ein lystar. Ein må gjerne laga seg sitt eige språk for den saks skuld. Men vil ein nyta det til å kommunisera med, må i alle fall eitt menneske til kunne same språket. Helst fleire dersom ein skal ha noko særleg glede av det. Meir seriøst ligg det i dette at ein alltid må ha mottakaren i tankane når ein uttrykkjer seg i skrift eller tale. Kven er det ein vil nå med bodskapen? Er det forståeleg for den målgruppa ein siktat seg inn på? Er gruppa stor eller liten, mangslungen eller einsarta? Klart er det anten det no er innhaldet eller språkforma som det viktigaste: Som nynorskbrukar driv vi språkpolitikk anten vi vil det eller ikkje.

Som eit apropos til dette kan det vera på sin plass å minna om føregangsmennene våre. Målstrevet kom i gang nettopp ut frå folkeopplysningstanken. Dei som meistra dahsk, var privilegerte, og dette høvde dårleg med demokratisk tankegang og vårt unge demokrati. Målet var å gje Noreg eit skriftspråk som flest mogleg kunne forstå og uttrykkja seg på.

Så derfor kjære unge: Gå helles til språk-historia og lære nytenking av dei gamle pionerane.

MARIE TVEITO  
Bjørnemyr

# Kven eit nynorsk?

— På spørsmålet om kva som er godt norsk mål svarar eg eit klart og utvetydig ja, skriv El-  
dar Heide i nr. 33. Det er hoy-  
rest ut som eit fornøying stav. Eg  
brukar å fortale utlandske ve-  
ner at det finst om lag like

## Ytring

— Harald Einmo eit nynors-  
ken. Han uttar seg flott på veg-  
ne av «vi, nynorsklandane».

«Sjølv kunne bytast ut med sjøl,  
gjente kunne bli til jente (det vart  
det i 1959). Einmo er 30 år på et-  
språk og onsett bokmål, eg er  
samt i det. Men kva skal folk

gjere, då? Dersom ein no slum-  
par til å vere fødd ein stad med  
ein bokmålsnær dialekt, som  
somme av desse gløper ungdom-  
mene gjer, og har gjett i bokmåls-  
skylt, og heileig til hellig. Det er  
ordta til kvardags» (Harald Ein-  
mo i nr. 32). Men eg reknar meg  
fødd, innbygd kjensle for kva  
som er ba nyorsk? Det er ikkje  
alle som er ba nyorsk. Det er ikkje  
alle som er så priviligerte at dei  
fødde i det tynorske kjer-  
neområdet, faktisk blir det sten-  
dig ferre av oss. Dei andre, upri-  
vileg, somme folk i matlun-  
dommen ho rengjer seg uover.  
På ein måte har ho rett, det er ik-  
kje altid spørkjensla held māl,

— Anhild Skre i nr. 30 likte det  
at Aasen hadde gjort det store pio-  
nerarbeidet for dei, og at dei sjølv  
bygde vidare på Aasens verk.

— Kvi ero geni og smak  
so sjeldan i saman vaking og drau-  
men?  
— Saul Smaken er redd for det kraf-  
te tak og redd er geniet for taumen.»

Når Aasen dā rista på hovudet fordi  
han mente at Vinje sette for stor  
pris på «det geniale og storartede, i  
Modsgjelting til en jævn og stilfærdig  
Virksomhed» — så var Vinje  
hjelpsam nok til å leggja desses ord  
i munnen på venen og læraren sin:

«Med honom («Dølen») mangt eg  
overbar fordi av elsk so full han var.»

skrev Garborg eingong, rett nok  
ikkje med tanke på desse provoka-  
sjonar og motprovokasjonar i DT i  
det siste om språket vårt. Men det  
han mente om tålsemnd, eller toler-  
anse som det visst heiter på norsk,  
det ser ut til å gjelde for oss nynor-  
skingar med, i allfall når vi kjem inn  
på målsynset til Gustav Indrebø og  
skriftena hans.

Gustav Indrebø sluttar si norske  
målsøge med eit oversyn over Ivar  
Aasens gode ven, felage og stridsbør-  
rar. Vinje skrev nemleg så uvyrde  
at Aasen måtte stikke til han med  
raudblyantn rett som det var. Likevel  
vart ikkje Vinje sinna for det, han  
forsvara skrivemåten sin med  
nokre Goethe-ord:

— Vi har sikkert mykje å læra av  
den store tålsemda til tre så ulike  
menneske som Aasen, A.O. Vinje  
og Garborg.

Når Anhild Skre og andre i DT  
skriv på eit folkeleg nynorsk om  
alle emne, så skal dei ha takk og  
ære for det. Men desse unge som  
dyrkar målet til Aasen og Indrebø,  
dei skal også ha ære og takk fordi dei  
held levande den einaste nasjonale  
kulturtradisjonen vi har her i No-  
reg. Litt kultur bør vi vel ha her i  
landet med, og då meiner vi ikkje  
kultur i berre biologisk-antropologisk  
forstand, som når vi t.d. snakk  
om «bakteriekultur», «kulturen  
til Oslo byrå», «den nasjonale  
kulturen til dei olympiske direktørane  
våre, under lønnskapplejkane  
deira på Lillehammer» og liknande  
«kultur»-tilstellingar. Vi tenker  
meir på ein human og levande na-  
sjonalåndskultur som er grunnlagt  
på Aasen, A.O. Vinje og Garborg.

Dei dialekinare nynorskane  
og Aasen/Indrebø-nynorskane  
utfyller og treng kvarandre. Dersor  
er då også all den strid mellom dei to  
flokkanne berre «skjemtarverk i  
grunnen».

— Vår norskhet er ein runestein

les Indrebøs skrifter, eig  
nynorsk. (Og dei kunne ha  
funne seg ein verre nörsklärar  
i Indrebø. Han var ein lerd  
mann, og ein fin stilist. Altsun-  
de ha godt av å lese han). Og  
Anhild Skre, som ei redaktør i  
klosteraftanarar. Dei prøver å hal-  
le målfolk til å lov til å skrive ar-  
kansk, og dei har legitime  
grunner for det. Eg tykkjer dei og  
skal få gjøre det, utan å få høye  
kunne er seigla, og det å  
skrive arkansk skal teknast som  
moisengjeng. Kva med oss som  
skriv arkansk og dialektmålt? Mc  
Olav av mangfoldet? (Sjå Hans  
Olav Brendenburg i nr. 32). Mange  
ser ut til å meine at det er greit  
at folk skriv nynorsk, berre dei  
skriv slik som eg likar. For eg eig  
nynorsk.

— For me eig nynorsk alle  
ordskiftet om «språklege bjr-  
netenester».

— Men så viser det seg at det  
måleske kan hage sin eigen  
normal innanfor gledande rett-  
skrivning. Og der skulle ein tru  
ein god ting.

Men så viser det seg på dei  
personlege normalane vare. Anni-  
hild Skre i nr. 30 likte det  
ho kalla «arkaismar», og det er  
særlig somme folk i matlun-

dommen ho rengjer seg uover.  
På ein måte har ho rett, det er ik-  
kje altid spørkjensla held māl,

— Eller kan ikke alle få vere ein  
dei av mangfoldet? (Sjå Hans  
Olav Brendenburg i nr. 32). Mange  
brukar dette som utgangspunkt  
for ei breidside mot unge folk  
som brukar fornorskingsordliste

sord, og for oss som har slik mål-  
foretagenum er det naturlig at  
desse to kategoriane skal ha kvar  
si ending. Dette forment har  
dessutan sterkt tradisjon i  
landsmål og eldre nynorsk. Som  
me av oss ser ein verd til å beware  
noatre tunne trådar bakover til vår  
klassiske arv. Ein kan sjølv sagt  
me at det er mykje enklare  
med berre ei hokkjonsending, det  
ser utvetydig ut til å endring. Men  
om dei er eit argument, bør  
me gå inn for felleskjøn, som i  
klassikal og bergensk. Det gjer bli  
lett endå enklare. Om mit ikkje  
skal gå over til engelsk med  
ein gong, der finst ikke ge-  
nuskhilje i det heile.

— Nå skulle rett nok dei gam-  
le målfolk få lov til å skrive ar-  
kansk den stundt dei har att. Men  
kunne er seigla, og det å  
skrive arkansk skal teknast som  
moisengjeng. Kva med oss som  
skriv arkansk og dialektmålt? Mc  
Olav av mangfoldet? (Sjå Hans  
Olav Brendenburg i nr. 32). Mange  
ser ut til å meine at det er greit  
at folk skriv nynorsk, berre dei  
skriv slik som eg likar. For eg eig  
nynorsk.

— For me eig nynorsk alle  
ordskiftet om «språklege bjr-  
netenester».

og onsett frå bokmål.

— Av og til blir det uaurolig  
språk og onsett bokmål, eg er  
samt i det. Men kva skal folk  
samt i det. Men kva skal folk  
gjente kunne bli til jente (det vart  
det i 1959). Einmo er 30 år på et-  
språk og onsett bokmål, som  
somme av desse gløper ungdom-  
mene gjer, og har gjett i bokmåls-  
skylt, og heileig til hellig. Det er  
ordta til kvardags» (Harald Ein-  
mo i nr. 32). Men eg reknar meg  
fødd, innbygd kjensle for kva  
som er ba nyorsk? Det er ikkje  
alle som er så priviligerte at dei  
fødde i det tynorske kjer-  
neområdet, faktisk blir det sten-  
dig ferre av oss. Dei andre, upri-  
vileg, somme folk i matlun-

dommen ho rengjer seg uover.  
På ein måte har ho rett, det er ik-  
kje altid spørkjensla held māl,

— Anhild Skre eig nynorsk-  
bokmål, og skuleborn i dei nye  
bokmålsdistrikta i bystrok, som  
gjennomgått. Og somme skriv dia-  
lektnar og legg seg opp mot  
bokmålet, og dei har legitime  
grunner for det. Eg tykkjer dei og  
skal få gjøre det, utan å få høye  
kunne er seigla, og det å  
skrive arkansk skal teknast som  
moisengjeng. Kva med oss som  
skriv arkansk og dialektmålt? Mc  
Olav av mangfoldet? (Sjå Hans  
Olav Brendenburg i nr. 32). Mange  
ser ut til å meine at det er greit  
at folk skriv nynorsk, berre dei  
skriv slik som eg likar. For eg eig  
nynorsk.

— Eller kan ikke alle få vere ein  
dei av mangfoldet? (Sjå Hans  
Olav Brendenburg i nr. 32). Mange  
brukar dette som utgangspunkt  
for ei breidside mot unge folk  
som brukar fornorskingsordliste

— Det siste er mein som ein  
spør frå min side, for å vise kvar  
menn kan føre oss. Tekn om me kunne slå oss til å beware  
noatre tunne trådar bakover til vår  
klassiske arv. Ein kan sjølv sagt  
me at det er mykje enklare  
med berre ei hokkjonsending, det  
ser utvetydig ut til å endring. Men  
om dei er eit argument, bør  
me gå inn for felleskjøn, som i  
klassikal og bergensk. Det gjer bli  
lett endå enklare. Om mit ikkje  
skal gå over til engelsk med  
ein gong, der finst ikke ge-

nuskhilje i det heile.

— Nå skulle rett nok dei gam-  
le målfolk få lov til å skrive ar-  
kansk den stundt dei har att. Men  
kunne er seigla, og det å  
skrive arkansk skal teknast som  
moisengjeng. Kva med oss som  
skriv arkansk og dialektmålt? Mc  
Olav av mangfoldet? (Sjå Hans  
Olav Brendenburg i nr. 32). Mange  
ser ut til å meine at det er greit  
at folk skriv nynorsk, berre dei  
skriv slik som eg likar. For eg eig  
nynorsk.

— Eller kan ikke alle få vere ein  
dei av mangfoldet? (Sjå Hans  
Olav Brendenburg i nr. 32). Mange  
brukar dette som utgangspunkt  
for ei breidside mot unge folk  
som brukar fornorskingsordliste

— For me eig nynorsk alle  
ordskiftet om «språklege bjr-  
netenester».

Red.

# «Um tålsemnd i tru og meiningar»

skrev Garborg eingong, rett nok  
ikkje med tanke på desse provoka-  
sjonar og motprovokasjonar i DT i  
det siste om språket vårt. Men det  
han mente om tålsemnd, eller toler-  
anse som det visst heiter på norsk,  
det ser ut til å gjelde for oss nynor-  
skingar med, i allfall når vi kjem inn  
på målsynset til Gustav Indrebø og  
skriftena hans.

Gustav Indrebø sluttar si norske  
målsøge med eit oversyn over Ivar  
Aasens gode ven, felage og stridsbør-  
rar. Vinje skrev nemleg så uvyrde  
at Aasen måtte stikke til han med  
raudblyantn rett som det var. Likevel  
vart ikkje Vinje sinna for det, han  
forsvara skrivemåten sin med  
nokre Goethe-ord:

— Vi har sikkert mykje å læra av  
den store tålsemda til tre så ulike  
menneske som Aasen, A.O. Vinje  
og Garborg.

Når Aasen dā rista på hovudet fordi  
han mente at Vinje sette for stor  
pris på «det geniale og storartede, i  
Modsgjelting til en jævn og stilfærdig  
Virksomhed» — så var Vinje  
hjelpsam nok til å leggja desses ord  
i munnen på venen og læraren sin:

— Med honom («Dølen») mangt eg  
overbar fordi av elsk so full han var.»

Derned kunne ikkje Aasen anna  
enn sukkja, overbera og putta raudblyantn  
på plass i jakkelomma att. Han klärte janivel å svælgja heit-  
dinga og s-genitiven i dei to sist  
verslinjene i Vinjediktet «Utvand-  
ren», desse kjende verselinjene  
som lyder slik:

Trygve Lande, Tysnes

## Ytring

på gamle Noregs grav.»

Så barks og herda vart Aasen etter  
samarbeidet med A.O. Vinje at han  
scinare ikkje eingong reagerte på  
den nordmannsvislykken Garborg  
serverte i artikkelen «Brorskap». Der  
kan vi neimleg lesa:

— Eit Folk er ei so stor Person-  
legheit, at ...»

Men både Garborg med sin jærbu-  
og seinare sin Midlands-normal og  
A.O. Vinje med alle sine skriftnormalar  
(tolv i alt, tilslutt ein tysk  
granskart), dei kunne ikkje nok få  
prisa Ivar Aasen. Dei vissste nemleg  
at Aasen hadde gjort det store pio-  
nerarbeidet for dei, og at dei sjølv  
bygde vidare på Aasens verk.

Vi har sikkert mykje å læra av  
den store tålsemda til tre så ulike  
menneske som Aasen, A.O. Vinje  
og Garborg.

Når Anhild Skre og andre i DT  
skriv på eit folkeleg nynorsk om  
alle emne, så skal dei ha takk og  
ære for det. Men desse unge som  
dyrkar målet til Aasen og Indrebø,  
dei skal også ha ære og takk fordi dei  
held levande den einaste nasjonale  
kulturtradisjonen vi har her i No-  
reg. Litt kultur bør vi vel ha her i  
landet med, og då meiner vi ikkje  
kultur i berre biologisk-antropologisk  
forstand, som når vi t.d. snakk  
om «bakteriekultur», «kulturen  
til Oslo byrå», «den nasjonale  
kulturen til dei olympiske direktørane  
våre, under lønnskapplejkane  
deira på Lillehammer» og liknande  
«kultur»-tilstellingar. Vi tenker  
meir på ein human og levande na-  
sjonalåndskultur som er grunnlagt  
på Aasen, A.O. Vinje og Garborg.

Dei dialekinare nynorskane  
og Aasen/Indrebø-nynorskane  
utfyller og treng kvarandre. Dersor  
er då også all den strid mellom dei to  
flokkanne berre «skjemtarverk i  
grunnen».

— Vår norskhet er ein runestein

## GI DEM INN!

I det siste har ein del fanatikerar fylt lesersidene i DT med gammaldags nynorsk. Heldigvis har vettigare folk blitt provosert og komme med kraftige advarslar mot desse. Men dessverre er dem moderate nynorskerne like fanga i nynorskfengselet som provokatørane er. Det er klart at skal nynorsken vinne fram, må den ta hensyn til ka som er det herskande i samfunnet - dvs.jenke seg etter bokmålet. Ett stykke på vei har mine tapre meiningsfellar Arnhild Skre og Marie Tveito innsett dette. Men eg må sei det er forstemmande å se alle dem reaksjonære orda og formene dem (og DT) fremdeles godtar - på den måten løper dem provokatørane nærend - derfor noen gode råd.

DT skulle heller gå bevisst inn for nytenking - ta språkutviklinga på pulsen og befri seg fra arkaismane. Eg sikter til forhistoriske eller marginale fenomen (henta fra tekstane til desse to mest framskrivne av debattantane) som: a-infinitiv, ven (venn), kvifor, hjå, kva, heilskap, reidskap, sanning, nærskyld, -bygnad, kjensle, byrja, orsaka, dåm, hovud-, bodskap, øydeleggja, freista, dømet, tydde (betydde), meistra (beherska) og ikkje minst Noreg! M. Tveito skjemmer dessutan målet sitt med for lengst forbudte j-ar (-tenkjing). Alt dette er restar av "høgnorsken"; obskure dialektord og -former som fanatiske målfolk har forsøkt å reise ett skriftmål av. Det er ein naiv tanke at det skal være mulig å skape et riksmål av "heilnorsk" dialektmateriale. Dessutan skremmer det folk fra nynorsken. Prøv heller å tenke etter ka som er mest naturlig for folk flest, og apellerer til dem - det er i hvertfall ikkje det "norske" (verken språkleg eller kulturelt). I det perspektivet syns eg at antiengelskkampanjen til DT er nærmast grotesk. Meiner DT verkeleg at folk skal la være å bruke engelskprega ord og uttrykk og lage/lære seg andre bare fordi dem ikkje er norske? Man må ikkje gjømme at det kan virke undertrykkande på dem som har fått engelsken inn i målet på naturlig måte (det gjeld selvfølgelig også bokmålsord i dialektane). Eg meiner M. Tveito gjør det rette når ho f. eks. nekter å bruke det vanskelige dialektordet trumål (fortrulighet). Det får være grenser for ka vaksne folk skal måtte lære seg bare for å støtte opp om et døande språk (gammalnynorsk). Det er rimelig å lære ungar nye ord, men før eller sia må man vel kunne regne seg som utlært i sitt eget språk?

Kenneth Lauvås

## KVA ER MÅLSAK?

Etter det som er kome fram i det ordskiftet som det er opna for i Dag og Tid i det siste, so er det tydeleg at kva som er MÅLSAK, er uppfatta på ymis vis. Arnhild Skre opna med å gjera det nokolunde klårt at ho ser målsak - eller ho ser det viktig med målsaki - korleis den einskilde ORDLEGG seg - i alle fall i brev til Dag og Tid (?). No var eg litt stygg, for det trur eg ikkje ho meiner - endå um ho sa det. Men skynar eg ho rett, so ser ho det slik at det er sers viktig korleis målfolk målberer seg - serleg skriftleg - ikkje berre i brev, men serleg i pressa - eller offentleg i det heile.

At dette er viktig, det er det vonleg ikkje so ymsande meininger um. Og bakgrunnen for det ordskiftet som er i gang, er nettuopp ordleggingen frå sume innanfor NMU. I fotafari til dette kjem det eit innlegg frå ein som hevdar ein rett til å skrive t.d: noen, da, mye, guter, tidligere. Eit anna um at ordet "trumål" er ubrukeleg, "det virkar kunstig" - endå det er eit norsk ord oglike gammalt som nynorsken.

M.a.o. det er tale um at me som målfolk ikkje skal hava lov til å skrive slik som me sjølv ynskjer å skrive, i alle høve so skal me gjerast merksame på kva slags ortografi som tener målsaki best - eller rettare sagt - kva slags ordbruk og kva slags stavemåte som ikkje tener målsaki - ja beint fram skader målsaki.

Her fær få me - eller rettare sagt sume i NMU - irrettesetjing fordi dei nyttar (sær)norske ord og vendingar som ikkje er kjende for alle nordmenn. Det er tydeleg det eine. Og i samver med dette kravet kjem då at me skal ordleggje oss slik at alle (?) som bur i dette landet, eller i alle fall flest mogleg (?) skal skyne det me skriv eller segjer. "Meir seriøst ligg i dette at ein alltid må ha mottakaren i tankane når ein uttrykkjer seg i skrift eller tale" (Marie Tveito). Det andre er - og det er det truleg lite usemje um - at me bør ikkje nytte ord og ordlag som ikkje samsvarar med bodskapen som me vil hava fram (Arnhild Skre).

Det siste er noko som gjeld ikkje berre for målfolk, men det gjeld for oss òg. Og etter som me målfolk er stendigt på offensiven - for å vinna fram med norsk(?) målreising - so er det viktigare for oss enn andre(?).

Men skal det at me ikkje alltid strekkjer til vera grunnlag for å bli provosera? Kunde

ikkje ei bensam rettleiding vera meir høveleg - ikkje minst når det gjeld unge eldhuga medsamansvorne? Eller er me ikkje medsamansvorne? Hov me i røyndi heilt ulike og diametralt motsette fyremål, kann hende - endå um me er med i same laget?

Det tykkjест i alle fall vera synberrt at Arnhild Skre, Marie Tveito og Nils Bjørge er på same laget(?)

Um det kann vera viktig å dryfte - eller kjekle ikring dette temaet - so kann eg ikkje sjå at dette er den røynde målsaki.

Dersom fyremålet er å nytte eit tale- og skriftmål som alle som bur i dette landet skynar, so hev me eit fiks ferdigt skriftmål som - ikkje ei gong samane hev problem med å skyna. Men det kann vel ikkje vera å oppfatte som **NORSK MÅLREISING?**

Nils Bjørge fortel sjølv at han etter kvart hev vorti meir "radikal" i si målføring gjennom sitt liv til no. Med det meiner han, skynar me - at han hev tekje etter bokmålet i både tale og skrift, og skriv no helst bokmål - etter det me kann sjå av hans eigne døme. Dette er forvitneleg lesnad - for det fortel litt um korleis målbruken i massemedia hev påverka den einskilde gjennom relativt stutt tid. Å skrive bokmål, det må han for all del hava lov til. Ingen nektar nokon å skrive bokmål her i landet. Ingen heller nektar nokon å agitere for at folk skal nytte bokmål i staden for (ny)norsk. Men kann dette kallast arbeid for **NORSK MÅLREISING?**

Det er mange som er komne i same stoda som Nils Bjørge - at dei er påverka av skule og media. Det som me stendigt vert fora med frå presse og kringkasting fell etter kvart "naturlegt", og ord som "trumål" vert "kunstigt", for det høyrer me sjeldan og aldri. Slik er det i alle høve for Marie Tveito.

Me må berre avfinne oss med at folk flest slett ikkje bryr seg um anna - når det gjeld tale- og skriftmålet - enn å fylje det som dei ser og høyrer i massemedia og bøker. Der er det - som me veit - bokmålet som rår. Nordmenn flest er ikkje upptekne av målet - me er alt anna enn idealistar når det gjeld målspursmålet. Målsaki hev ikkje nådd fram - og sjølve tungemålet er jamvel gjengje

gjenom ei systematisk avnorskingsprosess - som styremagi sette i gang i 1938 - pressa gjennom eit par bokmålsprofessorar - under sterk protest frå målfolket - og som er vidareførd gjennom Læreboknormal av 1959 - og som eit fleirtal i Noregs Mållag gav godkjenning for - under sterk protest frå mange av dei fremste målkunnige i målrørsla. Professor Sigmund Kolsrud og dosent Per Torson gjekk - som kjendt ut or Norsk Språknemnd i protest mot framleggelsen frå nemndi - og la fram sitt eige utkast. Dette ikkje berre for skuld avnorskingsprosessen - som stendigt held fram gjennom Norsk Språkråd - hev ført med seg at det er slik i dag at jamvel universitetsutdana folk - endå til med norsk som hovudfag - ikkje kjenner det kav norske ordet "trumål" - og heller ikkje vil kjennast ved det som eit nyttelagt ord i dagens vokabular.

Det er truleg ikkje so mykje å gjera med at folk uppliver norsk tungemål på dette viset. Men det som undrar meg i denne samanhengen er at nett slike menneske - med ein sovoren haldning til det som tindrande klårt er norske ord og ordlag - menneske med både god ålmennkunnskap og god kunnskap i soge og reint fagleg - likevel meiner sjølve å vera vernarar - og forkjemparar for norsk målreising når dei gjeng til åtak på det norske fordi det hev vore utestengt frå all bruk i skule og massemedia i femti år. Korleis fær dei dette til å harmonere med ein logisk sans? Og ikkje minst med sitt eige samvijt?

Jau Marie Tveito hev svar på det: "Målet var å gje Noreg eit skriftspråk som flest mogleg kunne forstå å uttrykkja seg på". Er det rett det du her segjer, Marie Tveito, du som er kjend i soga? - talar ikkje du no mot betre vitande? Var det ingi nasjonal reising? Var det ikkje draumen um eit nasjonalt mål som me med rette kunne segja er vårt - som var drivkrafti? Er det ikkje sant at Ivar Aasen bygde systemet på berre det han rekna for NORSKE målføre - og stengde ute det som han rekna for dansk tale og skrift? Er det ikkje Ivar Aasens landsmål som målrørsla er grunnlagd på? Er det kann hende Knud Knudsens målblandingsideologi som målrørsla skal byggja sitt arbeid og strev på? Kvar og ein må få lov til å hava si personlege meinings, men sjølve målrørsla lyt ha ei rettesnor, eit klårt fyremål. So kva er det me ordskiftest um? Er det kva den einskilde skal

hava lov til å taka i sim munn eller penn? eller er det kva me som målmenn skal arbeide for? Jau - utgangspunktet var: kva som tener - eller rettare sagt - kva som ikkje tener målsaki. Og då er me ved utgangspunktet - kva er MÅLSAK?

Dersom me meiner det som Marie Tveito gjerer seg til talsmann for - at fyremålet er "å gje Noreg eit skriftspråk som flest mogleg kunne forstå og uttrykkja seg på", dersom dette er fyremålet for målrørsla - kvi skal me då bala meir med nynorsken når alle skynar - og dei aller fleste av oss både talar og skriv bokmål? Nynorsken er då berre eit "mindretalsmål" (M.T.). Dessutan er det jamvek påvist (?) at dei som lærer nynorsk i skulen skriv betre bokmål enn dei som lærer berre bokmål! Kann det vera grunnlag nok til å halde fast på nynorsken? Trur me verkeleg at me skal frelse bokmålsfolk med den slags agitasjon - og slike argument? Og kvifor lære nynorsk når målet likevel er å lære det som dei fleste lærer - bokmålet? Og dersom målet er å skrive slik at alle - eller flest mogleg - skynar - og dei fleste kann og skynar berre bokmål, so lyt vel nynorsken verta so lik bokmålet at ingen skal falle utanfor? I det fall er det vel endå eit viktig moment for å velje bokmål like godt først som sist?

Med den ideologien som hev kome til syne i desse nemnde innleggi, so kann eg ikkje sjå at målrørsla hev annan funksjon enn å berre utsetje yvergangen til bokmål heilt - for alt literært eller skriftleg arbeid her i landet. Dette er òg målet for dei som ser "sprogsaken" som ei økonomisk sak? Her er det då samanfallande interessur ute og gjeng. Dersom målrørsla alt i dag la ned arbeidet, so vilde me oppnå det me ynskjer på eit einaste år - og det utan å leggia two pinnar i kross. Og tek me det for sanning at me hev two norske språk - som tykkjест vera ålmenuppfatning - si finst det heller ikkje grunnlag for å prioritere det eine fyrst det andre! Me lagar då ikkje strid for stridens eigi skuld!

Til denne tankekrossen renn det meg i hugen spursmålet um kvi samane balar med sitt "kaudervelske" mål - som ikkje ei gong alle samane skynar? Derimot skynar alle samane bokmålet! Var ikkje fyremålet å få til eit skriftmål som alle eller flest mogleg skynar og kann uttrykkje seg i? Ja, eg berre undrar.

Spursmålet er kann hende ikkje kven som gjerer norsk bjørneteneste, men kva som gjerer

målreisingi ei bjørneteneste. Eg trur ikkje svaret på spursmålet er so tindrande klårt som Arnhild Skre og Marie Tveito tykkjest meine.

Til slutt eit ord til deg M.T.: Såg du ikkje vel mykje vondskap i innlegget frå Jostein Krokvik? Du tykkjest å ha sett at han var ute etter å sverte Arnhild Skre. Handi på hjarta - det er ikkje du som er ute etter å sverte Krokvik då? Eg kann ikkje sjå at det ligg noko slikt som du hevdar - i stykkjet frå Krokvik. Dessutan kjenner eg Krokvik so godt at slike fyremål ligg ikkje i Krokviks natur. At Krokvik tilfeldigvis "sat inne med den rette visdomen" i det som vart dregje fram av A.S. gjev vel ikkje grunnlag for å skulde han for det du skuldar han for? Me som hev livt med målrørsla i nokre år veit so inderleg vel at det A.S. drog fram i sin "provokasjon", det samsvarar heilt med det me ervan med frå målhatarar gjennom tallause innlegg i dagspressa. A.S. visste visseleg kva ho gav seg ut på. Ho sette seg sjølv i berrhogget, og fekk på det viset ein "frisk debatt", noko som synberrt var fyremålet. Nei M.T., eg kann ikkje sjå at Jostein Krokvik hev vore korkje arrogant eller krenkjande. Dersom A.S. skulde oppfata slike motinlegg som det frå J.K. som arrogant og krenkjande, so hadde ho visseleg tekje seg i vare for å sende ut einsovoren provokasjon som ho gjorde. At ho heller ikkje svarar på denne påstårte krenkingi sjølv, tyder på at ho ynskjer denne "friske" debatten. Eg tvilar heller ikkje på at han gjerer sitt til at tingartalet aukar. Ingen ting er so forvitnelegt å lesa som lesarinnlegg i ein "frisk" tone. Eg - derimot - tykkjer det sokalla "friske" ikkje tener målsaki - eller noko anna sak. Me bør kunna brjotast um sakjer og meininger, men lata mennesket attum meiningsa fá vera i fred for personlege krenkingar. I dette spursmålet tykkjer eg at du - Marie Tveito - hev måla fanden på veggen - og på det viset falli i den gravi å sjølv skrive krenkjande ord um eit anna menneske. Me både kann - og bør - føre ordskiftet i ein tone som gjev grobotn for nye og byggjande tankar for ei sak som vedrører oss so intimit og sterkt som målsaki i røyndi gjerer.

Med vensam helsing,  
Toralv Bergwitz

## INSINUASJONAR OG ARKAISMAR:

I Dag og Tid nr. 36 kastar Marie Tveito meg ein hanske som eg berre tvilande tek upp. Eg likar lite å vera med i polemikk um kven som skriv mest arrogant, insinuerande, krenkjande, foraktfullt, vankunnig o.l. Men sidan eg fyrt datt ned i bjørneteneste-ordskiftet, lyt det stå til.

Eg hev aldri drøynt um at redaktør Arnhild Skre skulde vera kunnskapslaus og attpåtil skryta av kunnskapsløysa, slik Marie Tveito visst vil ha det til. Dette må vera å lesa det eg skrev i nr. 31 som ein viss mann les bibelen. Derimot var eg totalt usamd med Arnhild Skre når ho åtvvara mot, slik eg tolka fyrste innlegget hennar, at målungdom skulde søkja målkunnskap der slik kunnskap er å finna - etter vanleg meinung i bøker i og um norsk mål og målreising. Eg er framleis diametralt usamd i tanken, men eg avviser ikkje at eg kann ha mistolka redaktøren.

Eg tek/gjerne upp att at fyrste innlegget til Skre minte meg um eit utal med innlegg gjenom åri - serleg riksmålsinnlegg, men samnorskinnlegg finst - der innendarane hev skrytt av vankunpa si i norsk mål. Innlegget minte meg um dette, meg eg påstår ikkje at det var mein slik, og eg trur det i grunnen ikkje heller. For redaktør Arnhild Skre kalla innlegget sitt ein provokasjon. Dersom tanken var å eggja i gang friskt ordskifte i D&T, hev ho lukkast yver all måte. Det var vågalt gjort, og eg medgjev at honnør er p sin plass! Det hev kome ros til redaktøren frå ulike kantar, og målordeskiftet i D&T hev norte livlegare enn det eg kann hugsa. Eg tykkjer elles at fritt meiningsbyte no og alltid er av det gode.

### Forakt?

Ordleggingi mi i nr. 31 "lyser av forakt for motparten", skriv Marie Tveito. Du kann verta følen av mindre. Eg mislikar at eit slikt ord vert inndrege i eit sakordeskifte, og eg avsannar at eg skulde ha minste snev av forakt for D&T-redaktøren. Kvifor skulde eg no det? Tvert um. Eg les sers mange uppslag av D&T-redaktøren med stor glede t.d. i nr. 36 der Marie Tveito Fyrer laust. Meiningsskilnad i eit eller anna emne bør ikkje gjerast til meir enn nett meiningsskilnad um nett døt emnet. Men det emnet som no hev fatna i D&T, hev vel rett nok havt eksplosive islett so lenge målfolk hev funnest. Ja, som sagt, det var vågalt gjort, kjære Arnhild Skre!

### I trumål

Det er likt til at eg på ein eller annan måte hev trakka Marie Tveito på ei sår tå. Det er nok ikkje rart. I norsk målsamanheng kryr det med såre tær på alle kantar, mine eigne tær ikkje frårekna. Likevel kann eg ikkje dy meg for å koma litt meir inn på ordlaget **I trumål**, som eg tok med slumpesamt og berre til døme, men som Marie Tveito gjer til noko av eit stormummer. Men NB! her og brukar eg ordet berre til døme, og det finst sikkert andre døme som hadde vore betre. Marie Tveito hev ikkje set ordet tidlegare. Nei vel. Eg hev eit lite dusin ordlistor og ordbøker liggjande, og eg finn ordet i dei fleste, i nokre bokmålsbøker med. Men lat gå. Dette er uviktugt. For det er rett at ordet ikkje myldrar i myggsvemar land og strand rundt; bruksmåltane er helst noko spesielle. Sidan eg er relativt gammal - alderen skal visstnok ha målsakleg relevans - hev eg vore burt i litt av kvart, og i ungdomen arbeidde eg i si tid på eit bokmålsbrukande kontor. Der vart det stundom sett **konfidensielt** i sume brev. Dette latin/engelske ordet tyder det same som det norske **I trumål**. Og det danske **I fortrolighed**.

Marie Tveito kann ikkje bruka det norske ordet fordi det er kunstig, skriv ho. Er det danske eller det latin/engelske ordet mindre kunstig? Er eit ar ordi kanskje medfødt?

Sjølvsgart er alle ordi like kunstige og like naturlege. me brukar det ordet som me hev lært - eller eit anna ord i staden for dei nemnde som me like fullt fyrst m læra. Og med læra meiner eg her læra - t.d. læra det av ei bok slik at me kann brukar det.

Skulde me taka Marie Tveito bokstaveleg, segjer ho i grunnen at ho ikkje kann/ikkje vil utvida det norske ordtilfanget sitt gjenom læring. Men eg skal velja å tru at det er tale um ei liti forskriving, at ho ikkje hev tenkt min eigen tanke heilt til endes. Olav Duun sa visst at ingen vert full-lærd i morsmålet sitt, og -

### Utvikling

Det er sant at eg gjerne vil snu ei "utvikling". Den rådande og offentleg stødde "utvikling" av nynorsken siste halvsekulet, hev havt til ope siktet mål å gjera nynorsken meir moderne. Og med

**moderne** - motsett arkaisk - hev eintydeleg vore meint **meir lik bokmål**. I same tidsrom hev nynorsken mist halvparten av skulane (34,1% til 16,9%), alle statistikkar tyder på at ungdom i mengder slepper nynorsken etter skulealder, og skilnaden på dei offentlege skriftmåli er so liten at bokmålselever og sume universitetsfolk finn sidemålsupplæringsi meiningslaus. Målfolk, kalla, reknar norskrøtte ord og former for unaturlege arkaismar, og eg hev vanskar med å sjå at denne "utviklingi" fører annan stad enn til bokmål. Landet hev alt eit "skriftmål som "flest mogleg" kann forstå og uttrykkja seg på". Kring 84% skriv bokmål i dag toleleg nøgde med det, slik 100% skreiv rein dansk for 100 år sidan toleleg nøgde med dët.

Me er inne i ei tankeumvelting både innanlands og utanlands, det er vel alle samde i. I målsakssamanheng vert restane av den sundsprengde målblendings-deologien utsopa, og eit nytt nasjonalt tankegrunnlag er i ferd med å laga seg. Det er vel ikkje anna å venta enn at ei djuptgripande umtekjing av dette slaget krev tid og kann vera utriveleg for sume. Det er den gamle og gjerne smertefulle soga med tiltrudde lærebygg som fell. Slik ser det i minsto ut for meg; for eigen part hev eg vel vore gjennom dei fleste fasane i umstellingsprosessen.

På minst eitt punkt er eg samd med Marie Tveito, eg er med å uppmodingi til unge um å gå til språkhistoria og læra av dei gamle pionerane. Ja, les t.d. "Bidrag til vort Folkesprogs Historie" av Ivar Aasen, den vesle målsoga til Marius Hægstad og den store "Norsk Målsoga" av Gustav Indrebø.

**Jostein Krokvik**

# Norsk Målungdom 1990